

## Saksframlegg

### SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saknr
Arbeidsmiljøutvalet (AMU)	08.11.2022	043/22
Ungdommens kommunestyre (UKS)	08.11.2022	043/22
Råd for personar med funksjonsnedsetjing (RFF)	09.11.2022	044/22
Eldrerådet (ER)	10.11.2022	041/22
Utval for samfunnsutvikling (UFS)	15.11.2022	051/22
Utval for tenester og levekår (UTL)	16.11.2022	076/22
Utval for plan (UFP)	17.11.2022	173/22
Formannskapet (FS)	22.11.2022	130/22
Administrasjonsutvalet (ADMU)	06.12.2022	023/22
Kommunestyret (KS)	15.12.2022	121/22

## Økonomiplan 2023-2026 og budsjett 2023 for Øygarden kommune

### Kort om saka

Formannskapet skal gje innstilling til kommunestyret om budsjett og økonomiplan. Formannskapet si innstilling skal leggjast ut til offentlig ettersyn i minst 2 veker før det vert vedteke av kommunestyret i møte 15.12.2022, jf. Kommuneleva § 14-3, 4. ledd.K

ommunedirektøren sitt framlegg til budsjett og økonomiplan er lagt fram i møte i kommunestyret 02.11.2022.

### Forslag til vedtak

1. Øygarden kommunestyre vedtek kommunedirektøren sitt framlegg til driftsbudsjett 2023 og økonomiplan 2023-2026 slik det ligg føre.
2. Øygarden kommunestyre vedtek kommunedirektøren sitt framlegg til investeringsbudsjett 2023 og økonomiplan 2023-2026 slik det ligg føre.
3. Øygarden kommune nyttar frå 1.1.2023 staten sine rettleiande satsar for utmåling av stønad til livsopphald etter lov om sosiale tenester.
4. Skatt til kommunen vert skrive ut med maksimalsatsane.
5. Øygarden kommunestyre vedtek låneopptak til diverse investeringar med kr 50 mill i 2023.
6. Øygarden kommunestyre vedtek låneopptak til vidare utlån (Startlån) med kr 40 mill i 2023.
7. Med heimel i eigedomsskatteleva (esktl) § 2 skriv kommunestyret ut eigedomsskatt for året 2023. For eigedomsskatteåret 2023 skal det skrivast ut eigedomsskatt berre på kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum jf. esktl § 3

første ledd bokstav c.

Kommunen vil i 2023 skriva ut eigedomsskatt på eit «særskilt fastsett grunnlag» i samhøve med overgangsregelen til esktl §§ 3 og 4 første ledd. Det særskilde grunnlaget skal i 2023 vera lik 2/7 av differansen mellom eigedomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 som er forårsaka av at produksjonsutstyr- og installasjonar ikkje skal reknast med i grunnlaget for verk og bruk som frå og med 2019 er rekna som næringsseigedom.

Kommunen vil i 2023 skriva ut eigedomsskatt på bygningar og grunnareal for verk og bruk som frå og med 2019 blei rekna som næringsseigedom, så langt desse var omfatta av eigedomsskattegrunnlaget for verk og bruk i 2018, jf. overgangsregelen til esktl §§ 3 og 4 andre ledd.

Den alminnelege eigedomsskattesatsen for skatteåret 2023 er 7 promille for skatteobjekt i Øygarden kommune.

Takstvedtekter for eigedomsskatt i Øygarden kommune vedteke i kommunestyret 19.12.2019 skal gjelda for eigedomsskatteåret 2023, jf. esktl § 10.

Eigedomsskatten vert skriven ut i 4 terminar jf. esktl § 25 første ledd.

8. Gebyr og brukarbetaling vert gjort gjeldande for budsjett 2023.
9. Tilskot til Øygarden kyrkjelege fellesråd er på kr 32 290 000 for 2023. Dette inkluderer løns- og prisvekst samt utgifter til rekneskapsføring. I tillegg vert reinhaldstenester (verdi kr 720 000) gjeve som tenesteyting.
10. Øygarden kommunestyre vedtek budsjett for kontrollutvalet, kr 1 770 000, i tråd med framlegg frå kontrollutvalet.
11. Øygarden kommunestyre sel aksjane i BIR.
12. Øygarden kommunestyre vedtek at Øygarden brann og redning KF, Øygarden næringsutvikling KF og Øygarden bustadutvikling KF vert avvikla og drifta reorganisert til kommunal drift.

### **Saksopplysningar**

Kommunedirektøren la fram økonomiplan 2023-2026 og budsjett 2023 i møte i kommunestyret 02.11.2022. Økonomiplanen er det viktigaste plandokumentet for oppfølging av samfunnsdelen, og utgjer handlingsdelen til kommuneplanen etter § 11-1, 4. ledd i plan- og bygningslova.

Budsjettarbeidet for 2023 har vore krevjande med omsyn til å oppnå budsjettbalanse, mellom anna på grunn av stor auke i straumutgifter, generell løns- og prisvekst og høgt rentenivå. Dei mellombelse meirskatteinntektene i 2022 vert ikkje vidareført i 2023. Budsjettforslaget er lagt fram i balanse og med eit driftsresultat på kr 0. Sum driftsutgifter i budsjett 2023 er kr 3,140 mrd. Det er ikkje nytta disposisjonsfond i budsjettsalderinga. Kommunedirektøren ser dessverre ikkje at ein har moglegheit for å leggja fram eit budsjett med netto driftsresultat på 1,75 % i tråd med vedtekne handlingsreglar. Her trengs det meir tid for å gjera dei rette grepa, og for ikkje å ramma viktige velferdsoppgåver vilkårleg. I resten av økonomiplanperioden er det lagt opp til ein opptrappingsplan for å nå målet om ein berekraftig økonomisk utvikling i kommunen.

Framlegget til økonomiplan inneheld ei rekke innsparingstiltak, både i 2023 og resten av planperioden for å handtera situasjonen, men det er også funne rom for nye tiltak i budsjettet på omlag kr 50 mill. Dette er tiltak som skal utvikla oss i positiv retning i samsvar med den vedtekne samfunnsdelen til kommuneplanen. Sum driftsutgifter i budsjett 2023 er kr 3,140 mrd.

Per no har Øygarden kommune redusert bemanninga med om lag 107 årsverk i forhold til sum årsverk i dei gamle kommunane.

Kommunedirektøren vil i 2023 arbeida med ei vidare omstilling/ effektivisering av organisasjonen med grunnlag i Kostra-analyser, benchmarking og anna. Eit slikt arbeid må omfatta den totale kommuneverksemda, også føretaka. I framlegget er det difor lagt til grunn at føretaka blir reorganisert til kommunale einingar. Samtidig må vi styrka struktur- og systemtenkinga for å ta ut potensialet som kompetente og engasjerte tilsette representerer. Det er all grunn til å sjå lyst på framtida, men vi må i åra framover ta nokre grunnleggande, men tøffe grep for å ta ut potensialet og oppnå ei berekraftig økonomisk utvikling i tråd med dei vedtekte økonomiske handlingsreglane.

Vi viser elles til budsjettdokumentet som er digitalt tilgjengeleg ved å følgja lenka under:

[https://pub.framsikt.net/2023/oygarden/bm-2023-økonomiplan\\_2023-2026/](https://pub.framsikt.net/2023/oygarden/bm-2023-økonomiplan_2023-2026/)

Søknadar som er kome inn til kommunen i samband med budsjettarbeidet er lagt ved saka. I vedlegg til budsjettet er det ei oversikt over desse samt kommunedirektøren sitt framlegg til tilskot for 2023.

### **Behandling i Arbeidsmiljøutvalet (AMU) 08.11.2022:**

---

Før saka vart behandla gav kommunedirektøren ei kort oppsummering.

Framlegg v/kommunedirektøren:  
Arbeidsmiljøutvalet tek saka til orientering

Votering:  
Framlegg til innstilling vart samrøystes vedteke.

Desse tok ordet i saka:  
June Johannessen (arb. takar), Nils Arthur Amundsen (HVO)

**Vedtak i Arbeidsmiljøutvalet (AMU) - 08.11.2022 - 043/22**  
Arbeidsmiljøutvalet tek saka til orientering.

### **Behandling i Ungdommens kommunestyre (UKS) 08.11.2022:**

---

#### **Tilleggsforslag - Emil Øvretveit**

Ungdommens Kommunestyre har ingen spesifikke forslag til budsjettet, men vil likevel kome med innspel. Me er nøgde med satsinga på barn og unge, spesielt førebygging. Samtidig er me bekymra for statusen for skulehelsetenestane på skulane, med enkelte skular med bemanning nede på berre 20%. Også klima og miljø er viktige satsingsområde. Me har ei klima- og naturkrise, og den er det viktig at kommunen tek på alvor. Øygarden Kommune er i ein viktig posisjon med utfordringar med sårbar natur og naturtap, og samtidig med moglegheiter med etablerte grønne næringar og stort potensial vidare.

#### **Tilleggsframlegg - Ingrid Skjold**

Ungdommens kommunestyret ber om at ordninga med den tverrfaglege Ungdomstenesta vert vidareført når prosjektperioden går ut.

Før saka vart teken opp til behandling presenterte rådgjevar Elin Helland-Jooste dei viktigaste postane som gjeld barn og unge i økonomiplan og budsjett.

Votering:  
Innstillinga vart samrøystes teken til orinetering:  
Tilleggsframlegga frå Emil Øvretveit og Ingrid Skjold vart begge samrøystes vedteke.

Desse tok ordet i saka:

Emil Øvretveit, Ingrid Skjold og Thomas Mikal Hornnes

**Vedtak i Ungdommens kommunestyre (UKS) - 08.11.2022 - 043/22**

Tilråding frå ungdommens kommunestyre:

Ungdommens kommunestyre har ingen spesifikke forslag til budsjettet, men vil likevel kome med innspel.

UKS er nøgde med satsinga på barn og unge, spesielt førebygging. Samtidig er vi bekymra for statusen for skulehelsetenestane på skulane, med enkelte skular med bemanning nede på berre 20%. Også klima og miljø er viktige satsingsområde. Vi har ei klima- og naturkrise, og den er det viktig at kommunen tek på alvor. Øygarden kommune er i ein viktig posisjon med utfordringar med sårbar natur og naturtap, og samtidig med moglegheiter med etablerte grønne næringar og stort potensial vidare.

Ungdommens kommunestyret ber om at ordninga med den tverrfaglege Ungdomstenesta vert vidareført når prosjektperioden går ut.

**Behandling i Råd for personar med funksjonsnedsetjing (RFF) 09.11.2022:**

---

Det vart i møtet foreslått å leggje til nokre ekstra punkt, i tillegg til dei punkta som var i forslag til vedtak frå før. Sekretær førte ned forslaga, og dei vart vurdert samla.

Votering:

Forslaga som kom opp i møtet vart einstemmig vedteke.

Desse tok ordet i saka:

Ernst Morten Einarsen, Christel Borge Bersaas-Nesse, Svein Arthur Pedersen, Helene Arefjord.

**Vedtak i Råd for personar med funksjonsnedsetjing (RFF) - 09.11.2022 - 044/22**

RFF ber om at følgjande punkt vert satt inn igjen i budsjettet:

13. Tilbod til menneske med fysisk funksjonsnedsetjing vert vidareført med kr. 250 000,-.
14. Terapibassenget på Rong må haldast ope.

RFF ønskjer også å få inn desse tilleggspunkta:

15. Det skal vera transport til SFO også i haust- og vinterferien for dei som har det elles i skuleåret.
16. Oppgradering av HC-garderobe på terapibassenget på Straume. Garderoben her må tilpassast ytterlegare.
17. Det bør leggjast inn investeringsmidlar til nye bustadar for gjennomføring i 2024 og utover, for menneske med nedsett funksjonsevne.

**Behandling i Eldrerådet (ER) 10.11.2022:**

---

**Tilleggsforslag - Sverre Lorentz Bungum Pensjonistforbundet**

Øygarden eldreråd sende i september innspel til budsjettet for 2023

Innspelet bygde på eldrerådet sin prioritet av FNs berekraftmål, som er Helse.

Eldrerådet nemnde særskilt Brukar- og pårørandeutval og brukarundersøkingar. Så langt vi kan sjå, er no dei naudsynte vedtaka på plass og eldrerådet ventar rask iverksetting.

Eldrerådet bad om styrking av fysioterapitenesta. Kommunedirektøren har funne plass til ei ny stilling. Det hjelper, men er stadig for lite.

I teksten vert det lova sterkare satsing på etterutdanning og kompetanseheving av helsepersonell. Det er vanskeleg å finne att denne intensjonen i talmaterialet.

Slik eldrerådet ser det, slit budsjettframlegget generelt med kløfta mellom fagre ord og budsjetterte midlar.

Eldrerådet er særleg oppteke av at den sterke auken av eldre ikkje må føre til at kommunen legg auka byrde over på dei pårørande.

På lista over innsparingar finn vi at effektivisering av soneinndelinga skal gje innsparing på 1 million. Det vert ikkje sagt noko om korleis den nye inndelinga skal vere, anna enn at det skal bli rett teneste til rett tid. Vil det seie at vi så langt innanfor sonene har hatt feil tenester til feil tid? Så skal det bli samskaping på tvers av soneinndelinga. Kva betyr det?

Eldrerådet stussar særleg over at bruk av teknologi skal redusere utgifter. Vi er redde for at dette betyr at kommunikasjon mellom omsorgstenesta og brukar i auka grad skal skje digitalt og at heimebesøka («dei varme hendene») skal bli færre.

Eldrerådet finn det lite rosverdig at det vert føreslege omlegging av soneinndelinga og budsjettet med reduksjon i kostnader utan at det vert sagt noko om kva denne omlegginga inneber. Og dette skjer samstundes med at talet på eldre går mot fordobling på få år.

Øygarden elderråd ber om at det vert regelmessig utarbeidd rapportar som fortel korleis situasjonen er innan omsorgstenesta:

Kor mange står på venteliste for langtidsopphald på sjukeheim? Kor mange søker og får avslag?

Kor mange ventar på korttidsopphald? På avlastning?

Korleis er utviklinga innan dei heimebaserte tenestene? Kor mange får innvilga søknad om heimehjelp, kor mange får avslag? Korleis fungerer heimesjukepleia?

Kort sagt, vi ønskjer rapportar som fortel realistisk om situasjonen. Dette bør i det minste vere ein viktig del av årsmeldinga. Rapportering ut til folket er minst like viktig som rapportering til overordna helse- og omsorgsmyndigheiter.

Eldrerådet konstaterer med uro og undring at terapibassenget på Rong ikkje skal opnast att. Då vert eit viktig helsetilbod borte. Vi håpar på at kommunestyret prioriterer annleis.

Eldrerådet ber også om at det ikkje vert gjennomført reduksjonar i kulturtilbodet til menneske med nedsett funksjonsevne. Så dårleg står det ikkje til med Øygarden kommune at dei svakaste skal råkast.

Eldrerådet ser at det er lagt opp til sterk auke i gebyr og brukarbetaling. Det rammar oss alle og aukar byrda for alle. Men eldrerådet vil trekkje fram eit tilhøve som ligg oss særleg på hjarta. Det gjeld tryggleiksalarm. Vi veit at somme eldre ikkje ønskjer alarm jamvel om dei er midt i målgruppa. Og grunnen er kostnaden. Prisen vert no 4740 for året. Om eit ektepar begge treng alarm, vert samla pris over 7020.

I stadig fleire kommunar vert tryggleiksalarm no gratis. Somme dekkjer alle utgifter, andre tek betalt for montering. Dette er no bakgrunnen for at eldrerådet ber om at tryggleiksalarm vert gratis i Øygarden kommune, både montering og bruk.

Det er dei pårørande og dessutan kvaliteten av heimetenestene som avgjer kor lenge eldre kan bu i eigen heim.

I tillegg kjem tryggleiksalarm og tilbod om varm mat.

#### LMS og AMBULANSETENESTA

Eldrerådet har merka seg at det rår usikkerheit omkring konsekvensane av at Helse Bergen på grunn av innsparingstiltak kuttar samarbeidet med Lokalmedisinsk Senter og at den ein av to nattambulansane vert fjerna.

Eldrerådet håpar at resultatet ikkje vert redusert ambulanseteneste i kommunen vår og at endringa i LMS ikkje fører til auka press på sjukeheimane. Det hastar å gje folk informasjon om kva som skjer.

#### **Tilleggsforslag - Berit Anita Knudtsen Larsen Høgre (H)**

SAK 007/22 :spørsmål/ymse tok eldrerådet den 24/2 opp følgende:

Ser av tildeling i driftsbudsjettet at det ble avsatt 430 000 til Aktiv+, memento, kystmuseet og Treff+. Når kan en forvente at sette blir iverksatt?

Først den 15/9 mottok en følgende svar:

«Det som var avtalt skulle kjøring med transporttjeneste er til Aktiv 365 og Kystmuseet. Disse tilbudene startet transporttjenester å kjøre i 2021 og det skal holde frem til 2022».

Dette stemmer ikke ihh til vedtaket fordi Aktiv+ og Treff+ er utelatt og står /har stått uten transport tjeneste hver tirsdag og torsdag for kommunens hjemmeboende eldre.

Eldrerådet kan ikke ut av fremlagte budsjett se om videreføring av 430 000 er lagt inn for 2023 pga av at en ikke har oversikt ned på detalj nivå. Dersom en går ut fra videreføring at en forholder seg til budsjettvedtaket fra 2021, og at tilbudet fordeles mellom Aktiv+, memento, Kystmuseet og Treff+.

#### Votering:

Tilleggsforslag frå Sverre Bungum vart einstemmig vedteke.

Tilleggsforslag frå Berit Anita Knudtsen Larsen vart samrøystes vedteke.

#### Desse tok ordet i saka:

Marit Karin Schmidt Lie, Svein Olaf Drageland, Johnny Eide, Berit Anita Knudtsen Larsen.

#### **Vedtak i Eldrerådet (ER) - 10.11.2022 - 041/22**

Øygarden eldreråd sende i september innspel til budsjettet for 2023

Innspelet bygde på eldrerådet sin prioritet av FNs berekraftsmål, som er Helse.

Eldrerådet nemnde særskilt Brukar- og pårørandeutval og brukarundersøkingar. Så langt vi kan sjå, er no dei naudsynte vedtaka på plass og eldrerådet ventar rask iverksetting.

Eldrerådet bad om styrking av fysioterapitenesta. Kommunedirektøren har funne plass til ei ny stilling. Det hjelper, men er stadig for lite.

I teksten vert det lova sterkare satsing på etterutdanning og kompetanseheving av helsepersonell.

Det er vanskeleg å finne att denne intensjonen i talmaterialet.

Slik eldrerådet ser det, slit budsjettframlegget generelt med kløfta mellom fagre ord og budsjetterte midlar.

Eldrerådet er særleg oppteke av at den sterke auken av eldre ikkje må føre til at kommunen legg auka byrde over på dei pårørande.

På lista over innsparingar finn vi at effektivisering av soneinndelinga skal gje innsparing på 1 million.

Det vert ikkje sagt noko om korleis den nye inndelinga skal vere, anna enn at det skal bli rett teneste til rett tid. Vil det seie at vi så langt innanfor sonene har hatt feil tenester til feil tid? Så skal det bli samskaping på tvers av soneinndelinga. Kva betyr det?

Eldrerådet stussar særleg over at bruk av teknologi skal redusere utgifter. Vi er redde for at dette betyr at kommunikasjon mellom omsorgstenesta og brukar i auka grad skal skje digitalt og at heimebesøka («dei varme hendene») skal bli færre.

Eldrerådet finn det lite rosverdig at det vert føreslege omlegging av soneinndelinga og budsjettert med reduksjon i kostnader utan at det vert sagt noko om kva denne omlegginga inneber. Og dette skjer samstundes med at talet på eldre går mot fordobling på få år.

Øygarden eldreråd ber om at det vert regelmessig utarbeidd rapportar som fortel korleis situasjonen er innan omsorgstenesta:

Kor mange står på venteliste for langtidsopphald på sjukeheim? Kor mange søker og får avslag?

Kor mange ventar på korttidsopphald? På avlastning?

Korleis er utviklinga innan dei heimebaserte tenestene? Kor mange får innvilga søknad om heimehjelp, kor mange får avslag? Korleis fungerer heimesjukepleia?

Kort sagt, vi ønskjer rapportar som fortel realistisk om situasjonen. Dette bør i det minste vere ein viktig del av årsmeldinga. Rapportering ut til folket er minst like viktig som rapportering til overordna helse- og omsorgsmyndigheiter.

Eldrerådet konstaterer med uro og undring at terapibassenget på Rong ikkje skal opnast att. Då vert eit viktig helsetilbod borte. Vi håpar på at kommunestyret prioriterer annleis.

Eldrerådet ber også om at det ikkje vert gjennomført reduksjonar i kulturtilbodet til menneske med nedsett funksjonsevne. Så dårleg står det ikkje til med Øygarden kommune at dei svakaste skal råkast.

Eldrerådet ser at det er lagt opp til sterk auke i gebyr og brukarbetaling. Det rammar oss alle og aukar byrda for alle. Men eldrerådet vil trekkje fram eit tilhøve som ligg oss særleg på hjarta. Det gjeld

tryggleiksalarm. Vi veit at somme eldre ikkje ønskjer alarm jamvel om dei er midt i målgruppa. Og grunnen er kostnaden. Prisen vert no 4740 for året. Om eit ektepar begge treng alarm, vert samla pris over 7020.

I stadig fleire kommunar vert tryggleiksalarm no gratis. Somme dekker alle utgifter, andre tek betalt for montering. Dette er no bakgrunnen for at eldrerådet ber om at tryggleiksalarm vert gratis i Øygarden kommune, både montering og bruk.

Det er dei pårørande og dessutan kvaliteten av heimetenestene som avgjer kor lenge eldre kan bu i eigen heim.

I tillegg kjem tryggleiksalarm og tilbod om varm mat.

#### LMS og AMBULANSETENESTA

Eldrerådet har merka seg at det rår usikkerheit omkring konsekvensane av at Helse Bergen på grunn av innsparingstiltak kuttar samarbeidet med Lokalmedisinsk Senter og at den eine av to nattambulansane vert fjerna.

Eldrerådet håpar at resultatet ikkje vert redusert ambulanseteneste i kommunen vår og at endringa i LMS ikkje fører til auka press på sjukeheimane. Det hastar å gje folk informasjon om kva som skjer.

SAK 007/22 :spørsmål/ymse tok eldrerådet den 24/2 opp følgende:

Eldrerådet ser av tildeling i driftsbudsjettet at det ble avsatt 430 000 til transport til Aktiv+, memento, kystmuseet og Treff+. Når kan ein forvente at dette blir iverksatt?

Først den 15/9 mottok en følgende svar:

«Det som var avtalt skulle kjøring med transporttjeneste er til Aktiv 365 og Kystmuseet. Disse tilbudene startet transporttjenester å kjøre i 2021 og skal holde frem til 2022».

Dette stemmer ikke ihh til vedtaket fordi Aktiv+ og Treff+ er utelatt og står /har stått uten transport tjeneste hver tirsdag og torsdag for kommunens hjemmeboende eldre.

Eldrerådet kan ikke ut av fremlagte budsjett se om videreføring av 430 000 er lagt inn for 2023 pga av at en ikke har oversikt ned på detalj nivå. Dersom en går ut fra videreføring at en forholder seg til budsjettvedtaket fra 2021, og at tilbudet fordeles mellom Aktiv+, memento, Kystmuseet og Treff+.

#### **Behandling i Utval for tenester og levekår (UTL) 16.11.2022:**

---

##### **Protokolltilførsel - Eva Aarskog Sosialistisk Venstreparti (SV)**

Øygarden Kommune har arbeidd med ny organisasjon sidan samanslåinga. Det er gjort mykje godt arbeid, og tida er no komt for å gjere ein medarbeiderundersøkelse for å sjå korleis ein faktisk kjem ut med arbeidet. Det vert då ei evaluering av arbeidet.

Ein slik medarbeidarundersøkelse må utførast av 3. part (mange selskap har slike undersøkelsar).

Den må stille dei rette spørsmåla, og ha med dei vanskelige områda som: Mobbing, sexpress, trakassering, vald, trusslar, tid til å registrere avvik, kompetanse til å registrere avvik / uønska episodar. Korleis opplever dei tilsette sin arbeidskvardag, leiing og framtid i Øygarden Kommune.

Vi som politisk leiing må tørre å stille dei vanskelege spørsmåla, og tåle svara som kjem. Resultatet av ein slik medarbeiderundersøkelse vil sei oss kva vi treng å arbeide med framover. Det må truleg løyvast eigne midlar til dette, og ein bør vite kva kostnaden er i samband med budsjettet.

##### Votering:

Saka vert samrøystes tatt til orientering.

##### Desse tok ordet i saka:

Ernst Morten Einarsen (H), Eva Aarskog (SV),

Kommunalsjef Line Barmen svarte på spørsmål. Kommunalsjef Anne Erdal var og til stades i møtet og svara på detaljspørsmål om budsjettframlegget.

### **Vedtak i Utval for tenester og levekår (UTL) - 16.11.2022 - 076/22**

Utval for teneste og levekår tek saka til orientering.

### **Behandling i Utval for plan (UFP) 17.11.2022:**

---

#### **Endringsframlegg - felles - Michael Sangolt Høgre (H)**

Utval for plan tek saka til orientering.

#### **Votering:**

Fellesforslaget vart samrøystes vedteke.

#### **Desse tok ordet i saka:**

Michael Sangolt (H)

### **Vedtak i Utval for plan (UFP) - 17.11.2022 - 173/22**

Utval for plan tek saka til orientering.

### **Behandling i Formannskapet (FS) 22.11.2022:**

---

#### **Endringsforslag - Tom Georg Indrevik Høgre (H)**

Formannskapet tilrår kommunedirektøren si innstilling til budsjett 2023 og økonomiplan 2023-2026 slik det ligg føre.

Budsjettforslaga frå AP, H/SL/ FRP/KRF/V, SP, Raudt og SV vert ikkje realitetsbehandla i møtet og vert såleis rekna som innspel til saka. Forslaga vil følgja saka fram til endeleg behandling i kommunestyret.

I tråd med Lov om kommuner og fylkeskommuner § 14-3 legg formannskapet ut økonomi og årsbudsjett på høyring i 14 dagar.

Formannskapet ber om at det til kommunestyret 15.12.22 vert lagt fram ei utgreiing som viser fordelar og ulemper med å omdanne Øygarden Bustadforvaltning KF til eit AS. Utgreiinga må særleg belyse forhold til statlege tilskot og Husbanken.

#### **Budsjettforslag frå Arbeidarpartiet - Marianne Sandahl Bjorøy Arbeiderpartiet (Ap)**

Budsjettforslaget er lagt som vedlegg til saka.

#### **Budsjettforslag frå Raudt - Tom Georg Indrevik Høgre (H)**

Budsjettforslag frå Raudt er lagt som vedlegg til saka.

#### **Budsjettforslag frå Høgre, Frp, Sotralista, KrF og Venstre - Nils Kåre Skoge Høgre (H)**

Budsjettforslaget frå Høgre, Frp, Sotralista, KrF og Venstre er lagt som vedlegg til saka.

#### **Budsjettforslag frå SV - Tom Georg Indrevik Høgre (H)**

Budsjettforslaget frå SV er lagt som vedlegg til saka.

#### **Budsjettforslag frå Senterpartiet - Sølvi Kobbeltvedt Senterpartiet (Sp)**

Budsjettforslaget frå SP er lagt som vedlegg til saka.

#### **Votering:**

Forslag frå Tom Georg Indrevik (H) vart samrøystes vedteke.



Desse tok ordet i saka:

Sølvi Kobbeltvedt (Sp), Marianne Sandahl Bjorøy (Ap), Tom Georg Indrevik (H)

**Vedtak i Formannskapet (FS) - 22.11.2022 - 130/22**

Formannskapet tilrår kommunedirektøren si innstilling til budsjett 2023 og økonomiplan 2023-2026 slik den ligg føre.

Budsjettforslaga frå AP, H/SL/ FRP/KRF/V, SP, Raudt og SV vert ikkje realitetsbehandla i møtet og vert såleis rekna som innspel til saka. Forslaga vil følgja saka fram til endeleg behandling i kommunestyret.

I tråd med Lov om kommuner og fylkeskommuner § 14-3 legg formannskapet ut økonomi og årsbudsjett på høyring i 14 dagar.

Formannskapet ber om at det til kommunestyret 15.12.22 vert lagt fram ei utgreiing som viser fordelar og ulemper med å omdanne Øygarden Bustadforvaltning KF til eit AS. Utgreiinga må særleg belyse forhold til statlege tilskot og Husbanken.